



Arne Høyland frå Lindås kjem med bok om vestlandske skitradisjonar til jul. Han kåserte om temaet under museumsdagen på Rød og slo fast at Skimuseet i Oslo har forsømt seg når det gjeld dette temaet. No vil han supplera det han sa med å slå fast at det ikkje er berre museet i hovudstaden som har lite kunnskap om tradisjonane her.

Vestlendingane har sjølv gjort svært lite for å dokumentera og formidla stoff om skitradisjonane her vest frå tida før skisporten kom inn i historia.

Biletet over: Arne Høyland orienterer om skibruk i vest under museumsdagen på Rød.

Foto: Ola Matti Mathisen